

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen, 29. mai 2020

Innspel til Vestland fylkeskommune sin plaststrategi

Naturvernforbundet Hordaland viser til forslag til plaststrategi for Vestland fylkeskommune som skal handsamast i fylkestinget 9.6. Me gler oss over det gode forslaget, og ynskjer å rosa både initiativet og resultatet av arbeidet. Her er det veldig mykje bra! Me tillét oss likevel å koma med nokre konkrete forslag til strategien som kan gjera den endå betre.

I kapittel 4.1 «Delmål for Vestland fylkeskommune»:

Under punkt 5 føreslår me følgjande tillegg:

«(...) gjennom innretting av eigen innkjøpsstrategi i samsvar med avfallshierarkiet.»

Under punkt 8 føreslår me følgjande tillegg:

«(...) og få på plass godkjende avfallsplanar for alle hamner i tråd med EU sitt skipsavfallsdirektiv.»

I kapittel 5.1 «Tiltak og handlingsplan»:

I underpunktet «Opplæring» føreslår me følgjande tillegg:

- Skular vert oppmoda om å bidra til å auka kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartlegga plasten dei ryddar, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no og ryddenorge.no.

I underpunktet «Nasjonalt» føreslår me følgjande tillegg:

- Vera ein pådrivar for at Noreg vert ein føregangsnasjon i arbeidet for plastreduksjon og mot plastforsøpling.
- Arbeida for forbod mot bruk av isopor i flyteelement og i anna utandørs verksemd.
- Arbeida for at avfallshierarkiet vert førande for den nasjonale avfallspolitikken.
- Vera ein pådrivar for at Noreg innfører forbod mot eingongsplast i løpet av 2020, og arbeida for ei offensiv implementering av EU sitt eingongsplastdirektiv kor Noreg går lenger enn minimumskrava i direktivet.

- Arbeida for at Noreg fylgjer opp EU sitt mål om å fasa ut bereposar i plast.
- Arbeida for at det vert stilt krav til plastprodusentane om bruk av resirkulert plast i nye plastprodukt, og at produkta må utformast med mål om lenger levetid, at dei kan reparerast og gjenvinnast til nye produkt.
- Arbeida for tydeleg, visuell strekkode-merking av kva type plast eit produkt består av, slik at ein kan få fleire sorteringskategoriar og meir presis og ressurseffektiv gjenvinning.
- Arbeida for innføring av avgift på nyprodusert plast for å gje miljøvenlege alternativ auka konkurransekraft.
- Arbeida for at det vert innført klimaavgifter for å redusera bruken av fossile råvarer i plastproduksjon, og kombinera dette med miljøkrav til dei fornybare råvarene.
- Arbeida for at det vert innført ei forskrift som avgrensar det totale volum av emballasje.
- Arbeida for at plast som er vanskeleg å resirkulera, til dømes svart plast, ikkje lenger kan nyttast som emballasje.
- Arbeida for at det vert innført pant på fleire typar emballasje, samt at det vert etablert eit nordisk pantesystem.
- Arbeida for innføring av krav om gjenvinning av plastmateriale frå bygg- og anleggsavfall.
- Arbeida for å gjera plastfrie alternativ til armering, sprengleidningar, strips og pakkeband konkurransedyktige.
- Arbeida for innføring av krav om oppsamling av mikroplast for å stoppa utslepp til miljøet.
- Arbeida for auka forskning på miljøvenlege materiale som kan erstatta plast og farlege stoff i plast, samt miljøvenlege alternativ til tau og garn.

Me i Naturvernforbundet Hordaland samarbeider gjerne med fylkeskommunen om å oppnå visjonen om plastfri Vestlandsnatur og plastfritt hav.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland ved



Synnøve Kvamme

Fylkessekretær

sk@naturvernforbundet.no



Mona Maria Løberg

Prosjektleder [Plastjakten Hordaland](#)

mm@naturvernforbundet.no